

Hausvik Fotballklubb,

Bruvik.

Medlemstal : 24 over 16 år 15 under 16 år tilsaman 39

Laget har berre fotball på programmet Dei har spela 6 divisjon Bergen og omeng i 1968. Dei har spela 14 seriekampar og 7 privatkampar. Dei har og hatt eit guttelag som ikkje har delteke i serien. Grunna dårleg økonomi og dårlege baneforhold er dei ikkje med i serien i 1969. Dei har eit guttelag som prøver å få privat kampar så godt det lar seg gjera.

Laget har hatt ei innkoma og utloga på kr1890 i 1968, og har ei ubetalt rekning på kr 750 for transport.

Kommunalt tilskot i 1968 kr. 300,-

Mjøsdalen Idrettslag,

Hosanger. Det føre ligg ikkje oppgave over medlemstal.

Laget opplyser at 20 gutar har vore med på innandørstrening i vinter. Ein skulle tru at dei har ca 25- 30 medlemar. For utan innandørstrening for gutar har dei også hat eit parti for gjenter, men med liten tilsluttnad. Dei har delteke i nokre fri-idrettskonkuransar for gutar, hatt lagsmeisterskap for gutar og vore med i nokre skirenn. Dei reknar med å auka deltakinga utanbygds i år.

Dei samla utgiftene til laget i 1968 kr ~~226x~~-611,- -innkoma kr926

Kommunalt tilskot kr 150,-

Skafthå Idrettslag,

Bruvik.

Medlemstal : Menn 26 kvinner 9 tilsaman 35 medlemar
gutar 19 gjenter 25 -"- 44 -"-

Samla antal 79 medlemar

Laget har ikkje sendt søknad om tilskot for 1969, og såleis ikkje årsmelding rekneskap for 1968. Den idrettslege aktiviteten til laget er det såleis vanskelegt å gjera seg nokon meining om.

Ein har fått opplyst at laget har skipa til ei tevling i fri-idrett for gutar og gjenter, og trulegt også på ski. Noko deltaking utan om laget har det neppe vore.

Kommunalt tilskot 1968 kr 150,-

Fotlandsvåg Idrettslag,

Fotlandsvåg

Dei opplyser å hava mellom 60 og 70 medlemar derav 40 under 17 år. Laget er med i serien i fotball med 1 seniorlag og 1 guttelag. Laget har nå teke opp fri-idrett på programmet.

Dei har hatt innandørs trening i Grendahuset i vinter. Laget opplyser at dei har ekstra store utgifter til vedlikehald av idrettsplassen .

Innkoma i 1968 kr 8287,- utgifter kr 8817,- underskot kr 530,- er dekkja ved kassasumm frå tidlegare år.

Kommunalt tilskot i 1968 kr. 500,-

Oversikt over idrottslaga i Osterøy.

Hjelvikvåg Idrettslag,

Raknesvåg.

Laget har 20 medlemmar.

Dei har hatt tilskipingar for medlemmar gutar og gjenter på ski, skøyter, og fri-idrott. Noko serleg deltaking utan for eige lag har det ikkje vore.

Dei har skipa til eit kurs i bruk av kart og kompass, der 26 elevar var med. Medlemane har teke del i dugnad på bade-stranda på Hjelvikvåg.

Så vidt det går fram av meldinga frå laget er arbeidet lagt opp etter same rettningslinjer i 1969.

Innkoma i 1968 kr. 326,- utloga kr. 512,- kassasumm kr 576,-

Kommunalt tilskot i 1968 kr. 150,-

Osterøy Idrettslag,

Valestrandfossen.

Medlemstal :	over	17 år	menn	97	kvinner	5	tilsaman	103
	15 - 17	"	gutar	29	gjenter	8	"	37
	under 15	"	"	47	"	38	"	85

Tilsaman 225

Laget har medlemmar som kjem frå dei fleste stader på Osterøy. Laget har desse idrettsgreiner på programmet: Fri-idrott, fotball, ski, orientering handball. I alle desse greinene er det kokuransar både for gutar og gjenter i fleire klassar, og dei unge vert hjelpt med instruksjon og trening så langt laget maktar det.

Laget har vore med i 134 tevlingar i ymse idrottar i 1968. Av desse tevlingane skipa laget sjøl til 36. Av laget sine medlemmar har 179 delteke i aktiv idrott, av desse er 125 under 17 år. Laget har skipa til Osterøy meisterskap for gutar og gjenter i fri-idrott, ski, og terengløp. Laget reknar med å kunna utvida aktiviteten sterkt for dei unge i 1969 når dei til hausten kan taka i bruk dei nye gymnastikksalane i Haus og på Hatland. Som fylgje av dete reknar dei med sterk auke i utgiftene. Fotballgruppa har i vinter hatt eit juniorparti i trening i Lonevåg, og fri-idrottsgruppa på Valestrand, og meining er å få i stand eit liknande i Haus dersom dei får nokon til taka seg av dette.

Innkoma i 1968 kr 15081,- utloga kr 15249.

Kassasumm frå tidlegare år dekjer underskotet.

Ubetalte rekningar har laget med over kr 1000,- pr 30/11 68.

Kommunalt tilskot Barne og ungdomsidrott kr 1750,-

jubileumsgåve " 1000,-

kr 2750
